


Stabilisering av kvikkleirer med kaliumklorid


Langtidseffekt Ulvensplitten og Dragvoll

STATENS VEGVESENS RAPPORTAR

Nr. 223



Kvikkleire



Saltstabilisert

Tittel

Stabilisering av kvikkleirer med kaliumklorid

Undertittel

Langtidseffekt Ulvensplitten og Dragvoll

Forfattar

Tonje Eide Helle

Avdeling

Vegavdelingen

Seksjon

Geoteknikk og skred

Prosjektnummer

605385

Rapportnummer

Nr. 223

Prosjektleder

Tonje Eide Helle

Godkjent av

Eigil Haugen

Emneord

Kvikkleire, grunnforsterking, geokjemi, mineralogi, geotekniske eigenskapar, grunnundersøkingar, laboratorieforsøk

Samandrag

Hausten 2018 utførte Statens vegvesen nye grunnundersøkingar og laboratorieforsøk på dei kaliumklorid-stabiliserte kvikkleireområda Ulvensplitten i Oslo og Dragvoll i Trondheim, 46 og 6 år etter installasjon av saltbrønner. Målsetjinga med studiet er å dokumentere langtidseffekten av kaliumklorid på dei geotekniske eigenskapane i kvikkleirer med høg sensitivitet.

Studiet viser at kaliumklorid forbetrar dei geotekniske eigenskapane tilstrekkeleg til å hindre retrogressiv skredutvikling, og reduserar risikoen for progressiv brotutvikling i kvikkleireområder.

Title

Stabilising quick clays by using potassium chloride

Subtitle

Long-term effect Ulvensplitten and Dragvoll

Author

Tonje Eide Helle

Department

Roads Department

Section

Geotechnical

Project number

605385

Report number

No. 223

Project manager

Tonje Eide Helle

Approved by

Eigil Haugen

Key words

Quick clay, ground improvement, geochemistry, mineralogy, geotechnical properties, site investigations, laboratory tests

Summary

New site investigations and laboratory tests were conducted on the potassium-chloride treated quick-clay sites Ulvensplitten, Oslo and Dragvoll, Trondheim fall 2018; 46 years and 6 years after installation of salt wells respectively. The aim of the study is to document the long-term effect of potassium-chloride treatment on geotechnical properties in highly sensitive quick-clays.

The study shows that potassium-chloride treatment improves the geotechnical properties to such an extent that retrogressive quick-clay landslides may be inhibited, and the risk for progressive failures is reduced.

Innhald

1	Innleiing.....	5
2	Bakgrunn	6
2.1	Porevasskjemi i marint avsette leirer	6
2.2	Kaliumklorid som grunnforsterking i kvikkleirer.....	7
2.3	Innverknad av porevasskjemi på geotekniske eigenkapar	8
3	Grunnundersøkingar og laboratorieforsøk – 2018.....	11
3.1	Grunnundersøkingar	12
3.2	Laboratorieforsøk	13
3.2.1	Metodar	13
3.2.2	Kvalitet på laboratorieforsøk	15
4	Langtidseffekt av KCl på geotekniske eigenskapar	17
4.1	Poretrykk.....	17
4.2	Kornfordeling, mineralogi og kationebyttekapasitet	17
4.3	Porevasskjemi.....	18
4.3.1	Ulvensplitten	18
4.3.2	Dragvoll	18
4.4	Rutine, flyte- og utrullingsgrenser	21
4.5	Ødometer	22
4.5.1	Ulvensplitten	22
4.5.2	Dragvoll	22
4.6	Treaksialforsøk.....	24
4.6.1	Ulvensplitten	24
4.6.2	Dragvoll	27
5	Diskusjon.....	28
6	Konklusjonar.....	32
7	Referansar.....	33

Vedlegg

- A. Koordinatliste
- B. Kornfordelingskurver – Ulvensplitten
- C. Samleplott ødometerforsøk – Ulvensplitten og Dragvoll
- D. Ødometerforsøk – Ulvensplitten
- E. Treaksialforsøk – Ulvensplitten
- F. Geoteknisk datarapport – Dragvoll
- G. Liste over publikasjonar Ulvensplitten og Dragvoll

Symbolliste

Forkortelser

CAU _A	anisotropisk konsolidert udrenert aktivt treaksialforsøk
CAU _P	anisotropisk konsolidert udrenert passivt treaksialforsøk
CEC	kationebyttekapasitet (meq/100 g tørr jord)
CRS	ødometerforsøk med constant aksial tøyningshastighet (Constant Rate of Strain)
RCPTU	trykksondering med resistivitetsmodul (Resistivity Cone Penetration Test)

Parametere

a	attraksjon (kPa)
c _u	udrenert skjærstyrke (kPa)
c _{uc}	maksimal udrenert skjærstyrke tolka frå CAU _A -forsøk (kPa)
c _{ud}	direkte udrenert skjærstyrke (kPa)
c _{ue}	udrenert skjærstyrke frå CAU _P -forsøk (kPa)
c _{u,Nkt}	udrenert skjærstyrke tolka frå RCPTU-data (kPa)
c _{ur}	omrørd skjærstyrke (kPa)
EB	elektrisk ladningsbalanse (%)
e ₀	poretal ved start av test (-)
Δe	forskjell i poretal frå e ₀ til poretalet ved in-situ effektivt overlagingstrykk (-)
ε _f	aksiell bruddtøyning (%)
ε	aksiell tøyning (%)
I _L	flyteindeks (-)
I _P	plastisitetsindeks (%)
K ₀ '	kviletrykkskoeffisient (-)
M	modultall (-)
M _{OC}	ødometermodul tolka for spenningar lågare enn p _c ' (MPa)
N _{kt}	faktor for net spissmotstand (-)
OCR	overkonsolideringsforhold (-)
p'	effektiv middelspenning ($1/3 * (\sigma_1' + 2\sigma_3')$) (kPa)
p _c '	tilsynelatande forkonsolideringsspenning (kPa)
Q _t	normalisert spissmotstand
q	deviatorspenning ($\sigma_1 - \sigma_3$) (kPa)
q _t	korrigert spissmotstand
ρ	våt bulkdensitet (g/cm ³)
σ'	effektivspenning (kPa)

σ_{ac}'	effektiv aksiell konsolideringsspenning påført i CAU _{A/P} forsøk (kPa)
σ_{rc}'	effektiv radiell konsolideringsspenning påført i CAU _{A/P} forsøk (kPa)
σ_{v0}/σ_{v0}'	total og effektiv vertikalspenning (overlagringstrykk) (kPa)
σ_1'/σ_3'	effektive vertikal- og horisontalspenningar (kPa)
u_0	in-situ poretrykk (kPa)
u_2	poretrykk i spalte mellom kon og friksjonshylse på RCPTU-sonden (kPa)
w	vassinnhald (%)
w_L	flytegrense (%)
w_P	utrullings- eller plastisitetsgrense (%)
ϕ	friksjonsvinkel (°)

Kjemiske symbol

Na^+	natrium
K^+	kalium
KCl	kaliumklorid
Mg^{2+}	magnesium
Ca^{2+}	kalsium
Cl^-	klor
F^-	fluor
Br^-	brom
SO_4^{2-}	sulfat
PO_4^{3-}	fosfat
NO_3^-	nitrat

1 Innleiing

Utvaska marine leirer kan bli kvikke dersom saltinnhaldet reduserast til under 2 g/L med ein kationekomposisjon i porevatnet dominert av natrium (Na^+). Brønnar fylt med saltet kaliumklorid (KCl) er blitt installert for å forbetre dei geotekniske eigenskapane i kvikkleirer i samband med utbygging av ringvegen på Ulvensplitten i Oslo i 1972 (Eggestad og Sem, 1976) og som PhD-arbeid på Dragvoll i Trondheim i 2013 (Helle, 2017a).

Tidlegare studiar av kjemisk stabilisering av kvikkleirer fokuserar i hovudsak på dei omrørde eigenskapane som omrørd skjerststyrke (c_{ur}) og flyte- og utrullingsgrenser (w_L , w_P) (bl.a. Moum et al., 1968; Løken, 1968, 1970; Eggestad and Sem, 1976, Helle et al., 2017). Det er utført nokre laboratoriestudiar for å undersøke effekten av å fjerne og tilsetje salt til leirer på forkonsolideringsspenninga (p_c') og volumendringar (Bjerrum, 1967; Kenney et al., 1967; Torrance, 1974; Gjengedal, 2012; Bryntesen, 2014; Helle et al. 2015). Helle et al. (2018b) presenterar resultat frå ødometerforsøk på 54 mm stålsylinderprøvar frå saltstabilisert leire på Dragvoll.

Formålet med dette studiet er å dokumentere langtidseffekten av kaliumklorid på designparameterar i kvikkleirer. Denne rapporten presenterar resultat frå rutine, ødometer- og treaksialforsøk utført på prøvar tatt opp med miniblokkprøvetakar, 54 mm og 75 mm stålsylinderar frå in-situ KCl-stabiliserte kvikkleirer på Ulvensplitten og Dragvoll, 46 år og nesten 6 år etter installasjon av saltbrønnar.


I august 2018 blei det utført nye grunnundersøkingar i og utanfor dei saltstabiliserte områda på Ulvensplitten, og i oktober 2018 blei det utført nye grunnundersøkingar rundt saltbrønn nr. 1 på Dragvoll. Grunnundersøkingane blei utført av Statens vegvesen Region Sør og Region Midt. Laboratorieforsøka blei utført av Sentrallaboratoriet, Region midt og Multiconsult i Trondheim. Porevasskjemi, kationebyttekapasitet og mineralogi er analysert ved Universitet i Oslo. Arbeidet er finansiert av Statens vegvesen Region sør, Sentrallaboratoriet og Vegdirektoratet.

I tillegg utførte Norges Geologiske Undersøkelser (NGU) resistivitetsmålingar på Dragvoll (ERT), og seismisk dilatometer (SDMT) blei utført av NGI. Resultata frå ERT og SDMT er presentert i prosjektoppgåva til Vikse (2018). MASW blei utført av University College Dublin. Skjerbølgéhastigheiten tolka frå desse undersøkingane er presentert i Helle et al. (In press).

2 Bakgrunn

2.1 Porevasskjemi i marint avsette leirer

Norske kvikkleirer består i hovudsak av illitt og kloritt (Rosenqvist, 1955). Desse leirminerala er netto negativt ladde, og er dermed elektrokjemisk aktive. For å minimere overflateladninga, tiltrekk leirminerala seg positivt ladde ion (kation) frå porevatnet. Den negativt ladde overflata og dei adsorberte kationa utgjer det diffuse dobbeltlaget (DDL) (Figur 1). Både saltinnhaldet og ionekomposisjonen i porevatnet er avgjerande for korleis det elektriske potensialet minkar i avstand frå mineraloverflata. DDL er definert som avstanden frå mineraloverflata til tyngepunktet under kurva for det minkande elektriske potensialet. Tjuknaden på DDL avgjer kor store dei fråstøytande kreftene mellom leirpartiklane er. Dess tjukkare DDL, dess større overlapp mellom DDL og dess større fråstøytande krefter mellom leirpartiklane. Dermed er både saltinnhaldet og ionekomposisjonen i porevatnet er avgjerande for storleiken på dei fråstøytande kreftene mellom leirpartiklane, og dermed også for dei geotekniske eigenskapane i leirer. Meir utfyllande forklaring fins i bl.a. van Olphen (1963).




Figur 1 Tjuknaden på det diffuse dobbeltlaget (DDL) og fråstøytinga mellom leirpartiklane avheng av porevasskjemien. Frå Helle (2017b).

Det høge saltinnhaldet i avsetjingsmiljøet til dei norske leirene (30–35 g/L) (Moum et al., 1971, 1972; Appelo og Postma, 2005) medførte at leirminerala flokkulerte og danna ein open struktur med store vassfylte porar (Rosenqvist, 1946). Så lenge saltinnhaldet er høgt, er denne strukturen sterk sidan dei fråstøytande kreftene mellom leirpartiklane er små (Figur 2a). Utvasking og diffusjon etter istida har redusert saltinnhaldet og introdusert nye ion til leirvatn systemet. Dei fråstøytande kreftene aukar mellom leirpartiklane når saltinnhaldet minkar. Ved tilstrekkeleg lågt saltinnhald (< 2 g/L), blir leirene lettare å røre om og kan bli kvikke (Rosenqvist, 1946, 1977; Torrance, 1979) med ein omrørd skjerstyrke lågare enn 0,5 kPa (NGF, 2011). Ved saltinnhald lågare enn 1 g/L, kan leirene bli heilt flytande og oppføre seg nærmast

som flytande væsker (Moum et al., 1971). Lågt saltinnhald er likevel ikkje einstydande med at leirene er kvikke, då dette avheng av komposisjonen av kation i porevatnet.

Ulike kation har ulik innverknad på tjuknaden av DDL rundt leirminerala (Moum et al., 1971, 1972; van Olphen, 1963; Rosenqvist, 1968). Natrium (Na^+) er det dominerande kationet i sjøvatn, og i leirer avsett i sjøvatn er både dei adsorberte posisjonane på leirmineraloverflata og porevatnet dominert av Na^+ . Divalente ion slik som kalsium (Ca^{2+}) og magnesium (Mg^{2+}) reduserar tjuknaden på DDL i større grad enn Na^+ (Figur 1). Grunnvasstraumar reduserar saltinnhaldet og introduserer Ca^{2+} og Mg^{2+} til porevatnet i dei marine leirene. Desse er divalente (toverdige), og blir lettare adsorbent til leirmineraloverflata (har større affinitet) enn Na^+ . Tilført Ca^{2+} og Mg^{2+} blir adsorbent frå porevatnet til leirmineraloverflata som dermed frigjer Na^+ til porevatnet. Det vil seie at så lenge det er Na^+ igjen på leirmineraloverflata, så vil tilført Ca^{2+} og Mg^{2+} bli fjerna frå porevatnet, og Na^+ bli løyst til porevatnet. Grunna denne kationebyttereaksjonen er Na^+ fortsatt det dominerande kationet i porevatnet i kvikkeleirer (Figur 2b).

Utvaskinga er ein pågåande prosess som etter kvart vil føre til at konsentrasjonen av Na^+ i leir-vatn-systemet bli redusert etter som Ca^{2+} og Mg^{2+} kontinuerleg tilførast leir-vatn-systemet. Utvaska, marine leirer med lågt saltinnhald som likevel ikkje er kvikke har eit høgare innhald av divalente kation i porevatnet. Dermed minkar dei fråstøytande kreftene, og den omrørde skjerstyrken aukar slik at leirene ikkje lenger er kvikke (Figur 2c). Dette er ein pågåande naturleg stabilisering som truleg tek tusenvis av år. Stabiliseringsprosessen kan framskundast ved tilsetjing av kjemikaliar som for eksempel kalium. Dette forklarast nærmare i neste avsnitt.



Figur 2 a) Leire avsett i sjøvatn med høgt saltinnhald. b) Utvaska leire med porevatn dominert av natrium (Na^+). c) Utvaska leire med aukande konsentrasjonar av kalsium (Ca^{2+}) og magnesium (Mg^{2+}). Frå Helle (2017b).


2.2 Kaliumklorid som grunnforsterking i kvikkeleirer

Den hydratiserte ioneradiusen til kalium (K^+) er mindre enn for Na^+ . Sjølv om både Na^+ og K^+ er monovalente (einverdige), så medfører den hydratiserte radiusen at ladninga for K^+ er meir effektiv. Dermed har K^+ større affinitet enn Na^+ , og reduserer DDL tjuknaden meir enn Na^+

slik at dei fråstøytande kreftene mellom leirpartiklane avtek. Ved same normalitet (meq/L) har K^+ større innverknad på å forbetre dei geotekniske eigenskapane enn Na^+ , Mg^{2+} og Ca^{2+} (Moum et al., 1968; Løken, 1968, 1970).

Ved å installere kaliumkloridbrønner (KCl) i kvikkleirer så vil saltinnhaldet auke i den omkringliggjande leira, og dei geotekniske eigenskapane blir forbetra som følgje av mindre fråstøytande krefter mellom leirpartiklane (Figur 3a). Ionebyttereaksjonar medfører at dei adsorberte posisjonane på leirmineraloverflata etter kvart blir dominert av K^+ . Adsorberte kation blir løyst til porevatnet i følgjande rekkefølge Na^+ , Mg^{2+} og Ca^{2+} . Dei løyste iona diffunderar vekk frå området rundt brønnen saman med klorid (Cl^-). Etter som dei adsorberte posisjonane etter kvart blir fylt opp med K^+ , så vil K^+ også diffundere utover i leirvolumet. Dermed vil ein i eit punkt i avstand X frå brønnen først observere aukande konsentrasjon av Na^+ og Cl^- , deretter aukande konsentrasjon av Mg^{2+} etterfulgt av Ca^{2+} , og til slutt K^+ .

Konsentrasjonen av KCl vil etter kvart avta i saltbrønnane dersom dei ikkje blir etterfylt. Leira rundt brønnane vil fungere som eit reservoir med salt så lenge det er konsentrasjonsforskjellar mellom saltstabilisert leire og omkringliggjande leire. Diffusjonen fortset til denne konsentrasjonsforskjellen er utlikna. Med tida vil grunnvasstraumar vaske ut også den saltstabiliserte leira. Diffusjon og utvasking medfører at saltinnhaldet blir redusert (Figur 3b). Sidan Na^+ er vaska ut av systemet, og grunnvatnet tilfører Ca^{2+} og Mg^{2+} , så vil leira imidlertid ikkje bli kvikk igjen sidan porevatnet i den utvaska saltstabiliserte leira består av K^+ , Ca^{2+} og Mg^{2+} som alle reduserer dei fråstøytande kreftene i større grad enn Na^+ .



Figur 3 a) Saltinnhaldet og konsentrasjonen av kalium (K^+) aukar i tida etter installasjon av saltbrønner. b) Utvasking av saltstabilisert leire reduserer saltinnhaldet og aukar konsentrasjonen av kalsium (Ca^{2+}) og magnesium (Mg^{2+}) i porevatnet. Frå Helle, 2017b.

2.3 Innverknad av porevasskjemi på geotekniske eigenkapar

Norske kvikkleirer har låg plastisitet. Plastisiteten aukar imidlertid med aukande saltinnhald (Løken, 1968). Ved å tilføre salt reduserast fråstøytninga, og dei mekaniske eigenskapane blir forbetra.

Normalkonsoliderte leirer har som oftast høgare overskonsolideringsgrad (OCR) enn 1 i den øvre delen av jordprofilen, og kan også ha høgare plasistisitet enn den underliggjande leira. $OCR > 1$ skuldast bl.a. kapillært sug, forvitring og ferskvatn som medfører at leir-vatn-systemet blir tilført stabiliserande kation. Dermed framstår leira som om den har opplevd større forkonsolidering enn dagens overlaging (Bjerrum, 1967; Mitchell og Soga, 2005).

På 1960- og 1970-talet blei det utført fleire studium for å finne kva innverknad ulike typar salt, inkludert KCl, hadde på geotekniske eigenskapar i norske, utvaska marine leirer. Det blei funne at uomrørd og omrørd konus skjærstyrke auka, og flyte- og utrullingsgrensene auka som følgje av aukande saltinnhald. Bjerrum (1967) presenterer resultat som viser at p_c' og peak skjærstyrke aukar i K^+ -stabilisert leire. Når plasistiteten og skjærstyrken aukar som følgje av tilsatt K^+ , så vil leira deformere seg mindre ved auka pålasting enn kvikkleire med låg plasistisitet. Torrance (1974) utførte utvaskingsforsøk på leirer, og fann at p_c' blei redusert og deformasjonane auka i utvaska leirer med saltinnhald lågare enn 2 g/L. Dette er truleg forårsaka av at auka saltinnhald minkar fråstøytinga mellom leirpartiklane, og strukturen dermed blir forbetra. Leirstrukturen kan difor ta større laster før strukturen kollapsar sidan partiklane kan komme tettare saman før DDL overlappar kvarande. Dermed vil redusert DDL tjuknad (som er eit resultat av endra porevasskjemi) føre til reduserte deformasjonar og auka skjærstyrke (Santamarina, 2002).

I 1972 blei det installert saltbrønner i kvikkleire på Ulvensplitten i Oslo (Eggestad og Sem, 1976). Brønnane blei installert til 15–16 m djupne, og fylt med KCl. Det blei totalt installert 2630 brønner med c/c-avstand på 1,5 m som i alt dekkar eit område på 6000 m². To år etter installasjon var den omrørde skjærstyrken auka frå <0,5 kPa til 10–45 kPa, og sensitiviteten var redusert frå 12–80 til 1–3. Flytegrensa auka til over det naturlege vassinnhaldet. Saltstabiliseringa førte til at utgravingane i området i samband med eit vegprosjekt kunne utførast utan å forårsake utglidingar.

I 2013 blei det utført nye grunnundersøkingar innanfor og like utanfor det saltstabiliserte området, 41 år etter installasjon. Den saltstabiliserte leire var tydeleg blitt utsatt for utvasking då saltinnhaldet var langt lågare enn mengde tilført salt. I toppen av det saltstabiliserte profilen var saltinnhaldet på berre 11,7 g/L, og i botnen av profilen på 15 m djup var saltinnhaldet berre 0,5 g/L (Figur 4). Til trass i at saltinnhaldet var tilbake til opprinneleg nivå på ca. 0,5 g/L, så var leira ikkje blitt kvikk igjen. Like utanfor det saltstabiliserte området var saltinnhaldet også om lag 0,5 g/L. Leira var heller ikkje her kvikk med $c_{ur} > 1,1$ kPa. Dette skuldast komposisjonen av kation i porevatnet.


Seks saltbrønner blei installert på Dragvoll for å dokumentere effekten av endra porevasskjemi på geotekniske eigenskapar, og for å finne ut kor lang tid det tek å stabilisere kvikkleirer tilstrekkeleg til å hindre kvikkleireskred.

Basert på resultat frå Ulvensplitten og Dragvoll innførte Helle et al. (2017) kalium–magnesium–kalsium–forholdet (KMgCa–forholdet i Likning 1) med alle konsentrasjonar gitt i meq/L. Når KMgCa–forholdet overstig 20%, er $c_{ur} > 1$ kPa, flyteindeksen (I_L) < 1,2 og $I_P > 10\%$.

$$KMgCa - \text{forholdet} = \frac{K^+ + Mg^{2+} + Ca^{2+}}{Na^+ + K^+ + Mg^{2+} + Ca^{2+}} \quad (1)$$

Helle et al. (2018b) presenterar resultat frå ødometerforsøk utført på 54 mm stålsylinderprøvar frå saltstabilisert leire på Dragvoll. Basert på korrelasjonar mellom in-situ testar og laboratorieforsøk blei det foreslått at deformasjonane grunna pålasting og sprøheitsoppførselen til leirer avtek, og p_c' , peak skjærstyrke (c_{ur}) og post-peak styrke aukar når $I_p > 15\%$ som inntreff når KMgCa-forholdet $> 60\%$ ved låge saltinnhald, eller ved saltinnhald > 6 g/L.

I leirer vil saltet i hovudsak spreie seg i leirvolumet som følgje av kjemisk diffusjon som skuldast konsentrasjonsgradientar. Kationebyttekapasiteten (CEC) i leira og den effektive diffusjonskoeffisienten (D_e) for kjemikaliane er avgjerande for kor lang tid det tek å stabilisere kvikkleira. CEC avheng av leirinnhaldet og det spesifikke overflatearealet til leirpartiklane, og D_e av porøsiteten og mettingsgraden i leira. Hydrogeologiske forhold på staden (hydraulisk gradient, vassførande lag), original porevasskjemi og adsorberte ion vil også ha innverknad på kor fort kjemikalia vil spreie seg i leirvolumet. Berekningar for leira på Dragvoll viste at etter 40 månadar er ein minimum diameter rundt brønnen på 1,2 m stabilisert tilstrekkeleg til å hindre retrogressiv skredutvikling ($c_{ur} > 1$ kPa ved KMgCa-forhold $> 20\%$) (Helle og Aagaard, 2018). Ved å nytte kriteriet for redusert risiko for progressiv brotutvikling ved KMgCa-forhold $> 60\%$, er leira stabilisert over ein minimum diameter på minimum 1,0 m 40 månadar etter installasjon (Helle, 2017a).



Figur 4 Resultat frå Ulvensplitten. Blå symbol frå området som blei stabilisert med salt i 1972, og grøne symbol i den ikkje-kvikke leira i området utanfor det saltstabiliserte området. a) Omrørd skjærstyrke. b) Saltinnhald. c) KMgCa-forhold. Frå Helle (2017b).

3 Grunnundersøkingar og laboratorieforsøk – 2018

Tabell 1 viser utførte grunnundersøkingar og laboratorieforsøk på Ulvensplitten og Dragvoll. Resultat frå to miniblokkprøvar frå kvikkleire (MD1(2015)) og ein miniblokkprøve 0,5 m frå saltbrønn nr. 1 (MD2(2015)) på Dragvoll er inkludert i rapporten. Desse resultatata er tidlegare publisert i Helle (2017a) og Helle et al. (2017, 2018b).


Tabell 1 Utførte grunnundersøkingar og laboratorieforsøk

	Grunnundersøkingar				Laboratorieforsøk						
	In-situ test	Piezometer	Prøvetaking	Djupne	w, w _L , w _P , C _u , C _{ur}	K ¹	CAU _A	CAU _P	CRS	PVK ²	
Ulvensplitten											
BP1	CPTU	6 og 10 m	160 mm	6,0–6,3	x					x	
			54 mm	5,0–5,8	x					x	
			54 mm	5,8–6,6	x		x			x	x
			54 mm	6,6–7,4	x		x			x	x
			54 mm	7,4–8,2	x						x
			54 mm	8,2–9,0	x		x			x	x
			54 mm	9,0–9,8	x		x			x	x
			54 mm	9,8–10,0	x		x			x	x
BP2			160 mm	6,0–6,3	x	x	x		x	x	
			160 mm	10,0–10,3	x	x	x		x	x	
BP3	CPTU		160 mm	8,0–8,3	x	x	x		x	x	
			160 mm	10,0–10,3	x	x	x		x	x	
Dragvoll											
MD1 (2015)			160 mm	4,7–5,0	x	x	x		x	x	
			160 mm	5,7–6,0	x	x	x		x	x	
MD2 (2015)			160 mm	4,4–4,8	x	x	x		x	x	
			75 mm	4,0–4,8	x	x	x		x		
			75 mm	5,0–5,8	x	x	x		x	x	
108			75 mm	4,0–4,8	x	x	x		x		
			75 mm	5,0–5,8	x	x	x		x	x	
			75 mm	6,0–6,8	x	x				x	
109			160 mm	5,0–5,3	x	x	x	x	x	x	
			160 mm	6,0–6,3	x	x	x		x	x	
113			75 mm	4,0–4,8	x	x	x		x	x	
			75 mm	5,0–5,8	x	x	x		x	x	
100	RCPTU										
101	RCPTU										
102	RCPTU										
103	RCPTU										
104	RCPTU										
105	RCPTU										
106	RCPTU										
107	RCPTU										
110	RCPTU										
111	RCPTU										
112	RCPTU										
114	SDMT										

¹ Kornfordeling, ² Porevasskjemi

3.1 Grunnundersøkingar

I august 2018 blei det utført nye grunnundersøkingar på Ulvensplitten. Borhol BP1 blei plassert i det saltstabiliserte området. BP2 blei plassert i nærleiken av borholet der det blei funne ikkje-kvikkleire med lågt saltinnhald i 2013 (Helle et al., 2016 og Figur 4). BP3 blei plassert eit godt stykke unna det saltstabiliserte området for å få prøvar frå kvikkeleire. Det blei utført CPTU i borhol BP1 og BP3. Poretrykksmålarar blei installert på 6 m og 10 m djupne ved BP1. Miniblokkprøvar blei tatt opp frå borhol BP2 og BP3. Det blei gjort forsøk på å ta opp miniblokkar frå BP1, men den seige, saltstabiliserte leira sette seg fast i prøvetakaren. Det blei i staden tatt opp 54 mm stålsylinderprøvar frå BP1.



Figur 5 Borplan på Ulvensplitten. Borhol BP1, BP2 og BP3 blei utført i 2018. Dei andre undersøkingane er presentert i Helle et al. (2016). EUREF89 UTM32.

I oktober/november 2018 blei det utført nye grunnundersøkingar på Dragvoll (Figur 6). Miniblokkprøvar blei tatt opp frå borhol 109. 75 mm stålsylinderprøvar blei tatt opp frå borhol 108 og 113. Åtte RCPTU blei utført rundt saltbrønn nr. 1 (SW1) for å kartleggje korleis saltet hadde spreidd seg i tida etter installasjon (5 år og 9 mndr). Dei fleste sonderingane hamna i anvendelsesklasse 1. Den tette plasseringa av RCPTU medførte imidlertid at poretrykkresponsen blei for låg i dei aller fleste sonderingane. Resultata frå RCPTU i borhol 112 er rekna som pålitelege, og er difor den einaste sonderingane som er nytta til tolking av geotekniske data.

Karlsrud et al. (2005) sine CPTU korrelasjonar for leirer er brukt for å tolke OCR og skjærstyrke ($C_{uc,Nkt}$) frå RCPTU 112 (Likning 2-5).


$$N_{kt} = 7.8 + 2.5 \cdot \log(\text{OCR}) + 0.082 \cdot \text{IP} \quad (2)$$

$$c_{u,Nkt} = (q_t - \sigma_{v0}) / N_{kt} \quad (3)$$

$$Q_t = (q_t - \sigma_{v0}) / \sigma'_{v0} \quad (4)$$

$$\text{OCR} = (Q_t / 3)^{1.20} \quad (5)$$

Der N_{kt} er faktor for net spissmotstand, q_t er korrigert spissmotstand, σ_{v0} and σ'_{v0} er totalt og effektivt overlagingstrykk, Q_t er normalisert spissmotstand.



Figur 6 Utførte grunnundersøkingar på Dragvoll. Borhola for prøvetaking og RCPTU i kvikkleire er utanfor utsnittet.

3.2 Laborieforsøk

Sentrallaboratoriet hos Statens vegvesen Region øst utførte laboriearbeidet på prøvane frå Ulvensplitten (Labsysnr. 1180368). Statens vegvesen Region midt (Labsysnr. 4180201) og Multiconsult AS i Trondheim (Vedlegg F) utførte laboriearbeidet på prøvane frå Dragvoll.

3.2.1 Metodar

Alle prøvane blei opna og testa innan 48 timar etter prøvetaking. Vassinnhald, flyte- og utrullingsgrenser, konus uomrørd og omrørd skjerstyrke, kornfordeling, korndensitet og organisk innhald blei bestemt for alle prøvane. Anisotropisk konsoliderte udrenerte aktive treaksialforsøk (CAU_A) blei utført på dei fleste prøvane. Eitt anisotropisk konsolidert passivt treaksialforsøk (CAU_P) blei utført på ein prøve frå saltstabilisert leire på Dragvoll. Kontinuerlege ødometerforsøk (CRS) blei utført på dei fleste prøvane (Tabell 1).

Det blei valt ein kviletrykkskoeffisient (K_0') på 0,7. Prøvane i treaksialforsøka blei først isotropisk konsolidert til radiell spenning (σ_{rc}') lik beste estimat av in-situ horisontal effektivspenning. Deretter blei vertikalspenninga (σ_{ac}') auka til beste estimat av effektivt overlagingstrykk (σ_{vo}'). På Ulvensplitten blei konsolideringsspenningane berekna med utgangspunkt i ein tyngdetettheit på 19,0 kN/m³. Denne var imidlertid lågare, og i gjennomsnitt 18,4 kN/m³. I tillegg var det feil ved nokre av treaksialcellene som medførte at K_0' blei lågare enn bestilt i enkelte av forsøka på leirene frå både Ulvensplitten og Dragvoll. Dermed er $\sigma_{ac}'/\sigma_{vo}'$ høgare enn planlagt for dei fleste forsøka (Tabell 2).

Skjerforsøka for Ulvensplitten er køyrt med ein hastigheit på 2,0%/time, med unntak av forsøket i BP2 6.10 m (1D) som blei køyrt med ein hastigheit på 1,5%/time. Alle forsøka på Dragvoll er køyrt med skjerhastigheit på 1,5%/time.

CRS-forsøka på leira frå Ulvensplitten er køyrt med ein hastigheit på 1,05%/time (0,0035 mm/min), og 0,75%/time (0,0025 mm/min) på leira frå Dragvoll.

Mineralogien er kvantitativt tolka frå X-Ray Diffraction forsøk (XRD). CEC er bestemt etter prosedyren beskrive av Polemio and Rhoades (1977) og Wang et al. (2005). Leira blir først metta med Na⁺. Deretter blir Na⁺ bytta ut med Mg²⁺. CEC er rekna ut frå kor mykje Na⁺ som blir løyst frå leirmineraloverflata til porevatnet.

Tabell 2 Aksielle (σ_{ac}') og radielle (σ_{rc}') konsolideringsspenningar og kviletrykkskoeffisient (K_0') for treaksialforsøk ved start av skjerforsøk. Effektivt overlagingstrykk (σ_{vo}') er rekna ut med gjennomsnittleg tyngdetettheit på 18,4 kN/m³ for prøvane frå Ulvensplitten, og 18,7 kN/m³ for prøvane frå Dragvoll. Skjerfasen i prøven BP2 6.10 (1D) er køyrt med 1,5%/time.*

Borhol	Djupne m	σ_{ac}' kPa	K_0' –	σ_{rc}' kPa	$\sigma_{ac}'/\sigma_{vo}'$ –
Ulvensplitten					
BP2	6,10 (1A)	88,7	0,64	56,5	1,10
BP2	6,10 (1B)	88,6	0,63	56,2	1,10
BP2	6,10 (1D)*	83,2	0,66	55,1	1,03
BP2	10,10 (1A)	119,4	0,66	78,4	1,11
BP2	10,10 (1C)	111,9	0,68	76,6	1,04
BP3	8,10 (1A)	102,4	0,64	65,9	1,09
BP3	8,20 (2B)	98,2	0,69	67,9	1,04
BP3	10,10 (1A)	123,1	0,66	81,2	1,15
BP3	10,10 (1C)	121,3	0,65	79,3	1,13
Dragvoll					
MD1	4,90 (B)	47,2	0,69	32,8	0,99
MD1	5,90 (A)	58,6	0,66	39,0	1,04
108	5,45	60,4	0,62	37,3	1,15
109	5,10	47,5	0,67	32,0	0,96
109	5,10 CAU _p	56,4	0,61	34,3	1,14
109	6,08	64,0	0,62	39,7	1,11
113	4,50	51,8	0,61	31,6	1,17
113	5,40	48,7	0,68	33,3	0,94

Fire stk 50 ml polyetylen (PE) sentrifugerøyr blei fylt med ca. 100 g leire og sentrifugert i 15–30 min. Til saman blei det sentrifugert ut 10–20 ml porevatn som blei filtrert gjennom 0,45 µm sprøytefilter og frose ned i 15 ml PE-sentrifugerøyr fram til analyse. Porevassprøvar der det etter filtrering fortsatt var partiklar i vatnet (gulfarga) blei filtreret på nytt gjennom 0,20 µm sprøytefilter før nedfrysing.

Komposisjonen av kat- og anion blei analysert ved hjelp av ionekromatografi. Saltsyre (HCl) titrering blei brukt for å bestemme alkalinitet (her tolka som bikarbonat HCO_3^-) og pH. pH blei også målt direkte på omrørde leirprøvar ved hjelp av ein Sentix SP innstikk-elektrode.


3.2.2 Kvalitet på laboratorieforsøk

Kvaliteten av porevasskjemien er basert på elektrisk laddningsbalanse (EB). Likning 6, med alle konsentrasjonar i meq/L og med negativt forteikn for anion, kan brukast til å estimere EB. «Sum kation» i Likning 6 er summen av Na^+ , K^+ , Mg^{2+} og Ca^{2+} , medan «Sum anion» er summen av Cl^- , bikarbonat (HCO_3^- , som her er lik alkalinitet), sulfat (SO_4^{2-}) og nitrat (NO_3^-). Ideelt sett skal det vere like mange positive som negative ladningar i løysninga. EB blir meir nøyaktig rekna ut ved å nytte programmet PHREEQC som kan lastast ned gratis frå www.usgs.gov. Det kan vere stor forskjell i resultatata rekna ut med Likning 6 og PHREEQC sidan PHREEQC inkluderar ion som bidreg mykje under basiske forhold, for eksempel jern og ammonium, og sure forhold, for eksempel hydrogen og aluminium. Prøvane er av god kvalitet når $\text{EB} < 5\%$ (Appelo og Postma, 2005).

$$EB(\%) = \frac{(\text{Sum kation} + \text{Sum anion})}{(\text{Sum kation} - \text{Sum anion})} \cdot 100 \quad (6)$$

I denne rapporten er EB rekna ut ved hjelp av PHREEQC. Porevassprøvane for Ulvensplitten og Dragvoll er av god kvalitet med unntak av prøven frå MD2 der EB er 8.05%. Dessverre var porevassprøvane frå 10 m djupne i borhol BP2 og BP3 på Ulvensplitten av dårleg kvalitet. Resultata er difor ikkje inkludert her.

Kvalitetsvurderinga av treksial- og ødometerforsøka er basert på relativ endring av poretal ($\Delta e/e_0$) ved rekonsolidering til in-situ spenningar (Lunne et al., 1997). Prøvane frå BP1 er tatt opp med 54 mm stålsylinderar. Til trass i at kvaliteteten er klassifisert som god, så viser σ' -M-kurvane i Figur C-1 i Vedlegg C at desse ødometerforsøka er utført på forstyrra prøvar. Treksialforsøka utført på prøvar frå BP1 dilaterar. Forstyrra prøvar med leirinnhald mindre enn 40%, eller plastisitetsindeks mindre enn 20%, kan vise dilaterande oppførsel i treksialforsøk (Long, 2006). Med utgangspunkt i dette, og grunna resultatata frå ødometerforsøka, så er treksialforsøka frå BP1 ikkje inkludert i den vidare tolkinga.



Figur 7 Prøve kvalitet for treaksial- og ødometerforsøk utført på prøvar frå a) Ulvensplitten og b) Dragvoll.

4 Langtidseffekt av KCl på geotekniske eigenskapar

4.1 Poretrykk

Vasstanden på Ulvensplitten blei funne på 4 m djup i BP1 (Tabell 3). Poretrykket blei målt i piezometer installert på 6 og 10 m djup nær borhol BP1, og på 13 og 20 m djup i borhol 508 (Stuvøy et al., 2007). Grunnvasstanden på Dragvoll fluktuerar mellom 0,5 og 1,0 m djup. Poretrykket blei målt i BAT filter installert på 6 m djup, og viste hydrostatisk poretrykksfordeling.

Tabell 3 Poretrykk i BP1 og 508.

Borhol	Djupne m	Poretrykk kPa	Inkrement kPa/m
BP1	4	0?	15,1?
BP1	6	30	11,8
BP1	10	77	14,2
508	13	120	12,1
508	20	205	

4.2 Kornfordeling, mineralogi og kationebyttekapasitet

Leirene på Ulvensplitten og Dragvoll har svært lik samansetjing (Tabell 4–7). Bulkmineralogien er dominert av kvarts og illitt i leira frå Ulvensplitten, og kvarts og albitt i leira frå Dragvoll (Tabell 5). Leirminerala i leirfraksjonen i begge leirene er dominert av illitt (Tabell 6).

CEC er noko høgare for Dragvoll-leira enn Ulvensplitten-leira. Ein høgare CEC fører til at fleire plassar på leirmineraloverflata byttast ut med kalium før kaliumet transporterast vidare i leirvolumet. Dette kan medføre at diffusjon av kalium tek lenger tid i Dragvoll-leira enn på Ulvensplitten.

Tabell 4 Kornfordeling og organisk innhald.

	Leirinnhald %	Siltinnhald %	Sand %	Organisk innhald %
Ulvensplitten	40–46	54–60	0–2	<2,5
Dragvoll	36–42	56–62	2	<1,4

Tabell 5 Bulkmineralogi.

	Kvarts %	Albitt %	Illitt %	Kloritt %	Hornblende %	K-feltspat %	Epidot %	Kalsitt %	Spessartin %
Ulvensplitten	24–26	18–19	33–36	7–8	3–4	8–10		2	
Dragvoll	24–31	21–23	15–17	12–13	7–10	3–7	2	<1–3	<1

Tabell 6 Mineralogi i leirfraksjonen og kationebyttekapasitet (CEC).

	Illitt %	Kloritt %	CEC meq/100 g tørr jord
Ulvensplitten	65–73	27–35	5,6–6,0
Dragvoll	67	33	6,3–7,7

4.3 Porevasskjemi

Saltinnhaldet i kvikkleirer er som oftast lågare enn 2 g/L, med ein kationekomposisjon dominert av natrium (Moum et al., 1971; Rosenqvist, 1977; Torrance, 1979). Kvikkleirene på Ulvensplitten (borhol BP2) og Dragvoll (borhol MD1) har begge saltinnhald <0,72 g/L (Tabell 7).

4.3.1 Ulvensplitten

Borhol BP3 ligg utanfor det saltstabiliserte området vest for E6 Ringveien. Til trass i at borholet ligg langt frå det saltstabiliserte området, er saltinnhaldet høgare enn i kvikkleira i BP2; 1,57–2,66 g/L kontra 0,65 g/L. KMgCa–forholdet er lågare enn 20%, men leira er likevel ikkje kvikk sidan saltinnhaldet har auka samanlikna med i kvikkleira. Både Cl⁻ og Na⁺–konsentrasjonen er høgare enn i kvikkleira. Dette er truleg forårsaka av at saltet spreier seg frå det saltstabiliserte området mot BP3. Na⁺–fronten er komen fram medan konsentrasjonane av Mg²⁺, Ca²⁺ og K⁺ vil fortsetje å auke i åra framover.

Saltinnhaldet i borhol BP1 innanfor det saltstabiliserte området aust for E6 Ringveien 2,8–22,5 g/L, med KMgCa–forhold > 76,6%.


4.3.2 Dragvoll

Konduktivitetmålingane rundt saltbrønn nr. 1 på Dragvoll viser at saltet har spreidd seg raskast i retning sør–vest, mot borhol 113 (Figur 8). Konduktiviteten aukar også med djupna. Dette skuldast truleg at saltløyninga i brønnen har høgare densitet (1,2 g/cm³) enn grunnvatnet i den omkringliggjande leira (1,0 g/cm³). Saltløyninga vil dermed presse seg ut langs silt–/sandlag i avsetjinga. Det er difor observert ulike retningar for raskast saltspreiing rundt dei seks installerte brønnane på forsøksfeltet (Helle et al., 2017).

I borhol 108 (75 cm søraust for saltbrønn nr. 1) er saltinnhaldet 1,12–1,37 g/L, og KMgCa–forholdet er lågare enn 11,7%. Til trass i dette er leira ikkje kvikk i prøvane grunnare enn 6,0 m. Som i BP3 på Ulvensplitten, er konsentrasjonane av Na⁺ og Cl⁻ høgare enn i kvikkleira. I tillegg er også konsentrasjonane av Mg²⁺, Ca²⁺ og K⁺ auka i forhold til i kvikkeira.

På motsett side av brønnen, i borhol 109 (0,5 m nordvest for saltbrønn nr. 1), har saltinnhaldet auka til 6 g/L. Konsentrasjonen av Na⁺, K⁺, Mg²⁺ og Ca²⁺ er langt høgare enn i kvikkleira og i borhol 108. Den høge K⁺–konsentrasjonen (38 meq/L kontra 0,3 meq/L i kvikkleira) tyder på at leirvolumet nærmast saltbrønnen begynner å bli metta med K⁺. Dvs. at dei adsorberte posisjonane på leirmineraloverflata er dominert av K⁺.

Saltinnhaldet har auka til meir enn 3,4 g/L og KMgCa-forholdet er høgare enn 55% i borhol 113 som ligg 1,0 m frå saltbrønn nr. 1 i retninga der saltet spreier seg raskast. Saltbrønn nr. 6 på Dragvoll blei monitorert ved å ta grunnvassprøvar frå BAT-filter installert på 6 m djup i avstand 0,5 og 1,0 m frå brønnen (Helle et al. 2017; Helle og Aagaard 2018). Tre år og fem månadar etter installasjon var saltinnhaldet 1,1 g/L og KMgCa-forholdet 8,6% i avstand 1 m frå brønnen i den retninga der saltet spreidde seg raskast. Det er dermed tydeleg at saltdiffusjonen fortsatt pågår til trass i at etterfyllinga av KCl i saltbrønn nr. 1 blei avslutta i juni 2015 (3 år og 4 månadar før prøvetaking av 113). Det saltstabiliserte leirvolumet fungerer som eit reservoar, og saltdiffusjonen vil forsetje så lenge det er konsentrasjonsgradientar mellom saltstabilisert leire og omkringliggende kvikkleire.



Figur 8 Konduktivitetmålingar a) 0,5 m og b) 1,0 m frå saltbrønn nr. 1. RCPTU 105 (magenta kurve i b) stoppa i ein stein på ca. 4 m djup.


Tabell 7 Ionekomposisjon i porevassprøver frå Ulvensplitten og Dragvoll

Borholnsnr,	Djupne m	Na ⁺ meq/l	K ⁺ meq/l	Mg ²⁺ meq/l	Ca ²⁺ meq/l	Cl ⁻ meq/l	F ⁻ meq/l	Br ⁻ meq/l	SO ₄ ²⁻ meq/l	PO ₄ ³⁻ meq/l	NO ₃ ⁻ meq/l	Alkalinitet meq/l	pH	EB* %	Saltinnhald g/L	KMgCa %
Ulvensplitten																
BP1	5,1	20,46	102,47	22,89	9,62	150,01	0,02	0,18	0,45	0,00	0,07	3,52	8,2	0,25	10,52	86,8
BP1	5,9	45,26	223,46	43,74	20,01	327,12	0,04	0,35	0,76	0,00	0,06	2,71	8,6	0,12	22,54	86,4
BP1	6,1	13,32	28,82	10,59	4,33	56,33	0,02	0,10	0,22	0,00	0,04	3,35	8,6	-2,94	3,86	76,7
BP1	6,8	12,40	61,81	10,62	4,62	86,05	0,03	0,12	0,19	0,00	0,05	3,94	8,5	-0,75	6,24	86,1
BP1	8,1	18,25	79,49	13,47	6,01	110,90	0,02	0,14	0,37	0,00	0,06	4,12	8,3	0,52	8,03	84,4
BP1	8,7	13,17	37,99	8,30	3,80	58,27	0,01	0,10	0,31	0,00	0,05	3,64	8,3	0,50	4,28	79,2
BP1	9,6	17,02	48,48	9,79	4,56	73,94	0,02	0,11	0,22	0,00	0,06	3,43	8,4	1,07	5,35	78,7
BP1	9,9	9,59	23,65	4,91	2,81	37,32	0,01	0,08	0,19	0,00	0,05	3,70	8,2	-0,77	2,83	76,6
BP2	6,2	6,74	0,28	0,85	0,51	0,40	0,13	0,05	0,35	0,28	0,05	6,55	8,7	-0,99	0,65	19,5
BP3	8,1	34,74	0,87	3,20	1,10	20,18	0,09	0,11	4,33	0,28	0,06	13,37	8,7	0,03	2,66	13,0
BP3	8,2	20,97	0,58	1,93	0,91	12,30	0,10	0,08	2,62	0,25	0,00	7,32	8,7	2,24	1,57	14,0
Dragvoll																
MD1(2015)	4,9	7,83	0,30	0,41	0,33	0,27	0,25	0,041	0,05	0	0	8,07	8,6	1,09	0,72	12,3
MD1(2015)	5,9	7,50	0,24	0,18	0,22	0,27	0,28	0,42	0,05	0,02	0	7,16	8,8	2,13	0,65	8,0
MD2(2015)	4,6	20,59	1,09	4,14	1,56	17,91	0,12	0,05	0	0	0	5,28	8,62	8,05	1,56	24,7
108	5,2	19,12	0,61	1,14	0,79	13,67	0,15	0,06	0,01	0,00	0,00	6,38	8,5	2,82	1,37	11,7
108	6,4	15,60	0,46	0,59	0,44	8,29	0,22	0,06	0,01	0,23	0,00	6,80	8,8	2,62	1,12	8,8
109	5,2	34,42	38,34	16,24	8,81	87,55	0,05	0,11	0,07	0,00	0,05	3,34	8,0	3,41	5,99	64,8
109	6,0	37,94	38,73	13,44	8,32	88,94	0,04	0,11	0,07	0,00	0,00	2,95	8,0	3,30	6,06	61,4
113	4,4	26,62	11,37	14,62	6,95	50,64	0,06	0,08	0,00	0,00	0,04	3,63	8,0	4,31	3,40	55,3
113	5,3	33,59	23,27	13,17	7,25	68,09	0,04	0,10	0,00	0,00	0,00	3,63	8,0	3,61	4,63	56,5


* Rekna ut ved hjelp av PHREEQC

4.4 Resultat frå rutineforsøk, flyte- og utrullingsgrenser

Dei omrørde eigenskapane er forbetra som følgje av endra porevasskemi. Vassinnhaldet er uendra, medan omrørtd skjærstyrke (c_{ur}), flyte- og utrullingsgrensene (w_L , w_P) aukar (Figur 9 og Figur 10). Omrørtd skjærstyrke aukar til over 1 kPa både på Ulvensplitten og Dragvoll. Flyteindeksen (I_L) minkar frå rundt 2 til 0,3–1,4 i den saltstabiliserte leira på Ulvensplitten, og frå 3 til 0,7–0,9 i den saltstabiliserte leira på Dragvoll. Plastisitetsindeksen aukar frå <10% til 13–23% både på Ulvensplitten og Dragvoll.



Figur 9 Kvikkleire og saltstabilisert leire på Ulvensplitten, a) Vassinnhald, flyte- og utrullingsgrenser, b) konus uomrørtd og omrørtd skjærstyrke, c) saltinnhald og d) KMgCa-forhold.



Figur 10 Kvikkleire og saltstabilisert leire på Dragvoll, a) Vassinnhald, flyte- og utrullingsgrenser, b) konus uomrørtd og omrørtd skjærstyrke, c) saltinnhald og d) KMgCa-forhold.

4.5 Resultat frå ødometerforsøk

4.5.1 Ulvensplitten


Overkonsolideringsgraden (OCR) er som oftast høgare i toppen av jordprofilen enn djupare ned. Dette er også tilfelle i kvikkleira på Ulvensplitten der OCR er 1.8 på 6.1 m djup, og 1.2 på 10.1 m djup (Tabell 8). Aukande saltinnhald og KMgCa-forhold aukar plastisitetsindeksen. Aukande plastisitet kan medføre auka OCR og reduserte deformasjonar i leirer (Bjerrum, 1967). Dei umiddelbare deformasjonane ved pålastning like over p_c' er store i kvikkleira frå Ulvensplitten (svarte kurver i Figur 11 a og c). Ødometerforsøka på saltstabilisert leire (blå kurver i Figur 11 a og c) viser at p_c' aukar og deformasjonane ved pålastning like over p_c' minkar som følgje av endra porevasskjemii. Ødometermodulen i overkonsolidert område (M_{oc}) ser ut til å auke frå 6 MPa til 7 MPa i den saltstabiliserte leira (Figur 11 b og d). Modultalet (m) på 20–25 er som forventa uendra.

4.5.2 Dragvoll

